

---

Til: Fylkesutvalet og fylkestinget

---

Frå: Fylkesdirektøren

---

Budsjett 2021 - status oppfølging vedtekne verbalforslag, samt status enkelte vedtekne verbalforslag for budsjett 2020 på samferdselsområdet.

Fylkesdirektøren legg med dette fram ein oppdatert status på administrativ oppfølging av vedtekne verbalforslag i samband med den politiske handsaminga av budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024.

I oversikten over verbalforslag for budsjett 2021, legg fylkesdirektøren til grunn følgjande;

- 16 verbalforslag som fylkesutvalet, 26.november 2020, innstilte til fylkestinget, 15.desember 2020. Fylkestinget gjorde ikkje eige vedtak på desse innstilte verbalforsлага.
- 11 verbalforslag framsett og vedteke i fylkestinget, 15.desember.

Fylkesdirektøren har tidlegare lagt fram tilsvarande statusoversikt for vedtekne verbalforslag budsjett 2021, på fylkestinget 9.mars 2021 og 16.juni 2021.

I dette notatet legg og fylkesdirektøren fram ny oppdatering på administrativ oppfølging av enkelte vedtekne verbalforsлага på samferdselsområdet i samband med budsjett 2020. Oppfølging av desse verbalforsлага har føregått over lengre tid, og fylkesdirektøren finn det dermed rett å gje ei siste statusoversikt også på noverande tidspunkt. Fylkesdirektøren la sist fram samla oversikt over status oppfølging av verbalforsлага for budsjett 2020, på fylkestinget 9.mars 2021.

#### Budsjett 2021 – status oppfølging vedtekne verbalforslag

Nr	Verbalforslag	Oppfølging			
		Merknad	Politisk sak		
	Innstilling i fylkesutvalet, 26.november 2020		Hovudutval	Fylkesutval	Fylkesting
1	Vestland fylkeskommune har eit breitt spekter av arbeidsområde. Det gir moglegheiter for både lærlingar og traineestillingar. I dag er det mange studentar som ikkje får henta ut tilstrekkeleg arbeidserfaring ( korkje i studietida eller etter endt studie) før dei skal ut å konkurrere i den ordinære arbeidsmarknaden. For elevar som går på yrkesfag er det samstundes framleis for mange som ikkje får tilbod om lærlingplass. Dette er to områder	ORO/alle  RS-sak	Adm utv 21.10.21	30.11.21	15.12.21

Nr	Verbalforslag	Oppfølging			
		Merknad	Politisk sak		
			Hovudutval	Fylkesutval	Fylkesting
	<p>der Vestland skal vere ein føregangsorganisasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vestland Fylkeskommune skal tilby fleire traineestillingar.</li> <li>• Vestland Fylkeskommune skal auke talet på lærlingar.</li> </ul>				
2	<p>Fylkestinget syner til at det i 2020 har vore søknader på fleire breibandsutbyggings-prosjekt som ikkje har fått støtte, og at behovet er større enn løvvingane. Fylkestinget vil i komande handsaming av rekneskap 2020 setje av deler av forventa overskot til breibandsutbygging.</p>	<p>INN</p> <p>FT vedtok 16. juni (PS 30/2021) å sette av 10 mill. kr frå overskot 2020 til breibandsutbygging.</p>			16.06.21
3	<p>Fylkestinget syner til administrativt innsparingsprogram som tilår ei innsparing i administrative kostnader i 2021 på 30 mill.kr. Fylkesrådmannen skal konkretisere dei ulike innsparingstiltaka framover. Som grunnlag for å konkretisere innsparingstiltaka skal fylkesrådmannen med ekstern bistand gjennomgå Vestland fylkeskommune si organisering for å sikre ein tenleg og effektiv organisasjonsstruktur, regional balanse og merksemد på digitalisering. Organisasjonsgjennomgangen skal mellom anna vurdere;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• organisasjonsstruktur inkl storleiken på seksjonar/einingar, kontrollspenn og omfang av lokale stabsfunksjonar inkl merkantile ressursar</li> <li>• fordeling av ressursar og ansvar/oppgåver mellom sentrale og lokale stabsfunksjonar i administrasjonen og ytre eininger</li> <li>• organisatorisk effektivitet knytt til noverande innretting med delte kompetansemiljø versus geografisk samling av ulike fagmiljø («Center of expertise»)</li> <li>• område med potensiale for digitalisering</li> <li>• det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført</li> </ul> <p>Det er ein føresetnad at tiltak gjennomførast i dialog med</p>	<p>ORO/alle</p> <p>Orientering i adm. utval i januar. Meldingssak til fuv og ft i mars.</p> <p>Meldingssak til fuv og ft i sept.</p> <p>Dei to siste delrapportane er i arbeid og vert levert ila Q1-22.</p>		<p>03.03.</p> <p>22.09.21</p>	<p>10.03.</p> <p>29.09.21</p>

Nr	Verbalforslag	Oppfølging			
		Merknad	Politisk sak		
			Hovudutval	Fylkesutval	Fylkesting
	tillitsvalde og innanfor arbeidsmiljølovens ramme og det er ein føresetnad at den desentraliserte strukturen vert vidareført.				
4	Fylkestinget meiner det er viktig for den enkelte ungdom og foreldre å skape tryggleik rundt busitasjon og fritid når ein bur borte frå heimen for å ta vidaregåande opplæring. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kartlegga tilhøva for hybelbuarar i Vestland og komma attande med ei sak som syner korleis ein kan betra tilhøva for hybelbuarar gjennom bruk av miljøkoordinatorar eller andre sosiale tiltak. (Innan juni 2021).	OPK	25.05.21	01.06.21	16.06.21
5	Vestland Fylkesting har ei målsetjing om at vi skal auka gjennomføring og få fleire ut i lære på yrkesfag. Særskilt viktig er det å lykkast i overgangen frå vg2 til lærerling. Fylkestinget ber fylkesrådmannen syta for at erfaringane frå prosjektet auka gjennomføring- fleire ut i lære frå tidlegare Hordaland og arbeidslivskontaktane i tidlegare Sogn og Fjordane, vert lagt til grunn for skulane og rettleiingstenestene sitt arbeid for å sikre overgangane.	OPK	16.03.21	01.06.21	16.06.21
6	Fylkestinget syner til budsjettet der elev-pc -eigedel vert vidareført på kr 2 000,- og gjeld for heile Vestland.	OPK	Innarbeidd i budsjettet		
7	Fylkestinget syner til at Vestland Fylkeskommune har mykje därleg fylkesveg og det er eit stort behov for oppgradering på ei rekke vegar. Ekstra midlar på posten mindre utbetringer (21,1 mill) skal difor nyttast til enklare utbetringer på ulike strekningar på fylkesvegnettet kan betra trafikktryggleiken som til dømes sikt, kurvatur og vegbreidd.	INV	SAMO 17.2.21		
8	Fylkestinget syner til at Regeringa i sitt framlegg til statsbudsjett kutter løyinga til oppfylling av tunnellsikkerhetsforskrifta tilsvarande 21,1 mill for 2021. Vestland fylke er mellom dei fylka i Noreg som flest tunnelar som treng oppgradering etter forskrifa. Vestland fylke er i ein svært krevjande økonomisk situasjon, der ein i år framover skal redusere driftsbudsjett og unngå ein kritisk høg gjeldsgrad. På bakgrunn av det kan ein ikkje fortsette å nytte meir midlar til tunnellsikring enn det som vert løyvd over statsbudsjettet då dette vil gå ut over anna drifts- og investeringsoppgåver. I 2021 skal fylkestinget handsame Regional Transportplan og fylkestinget vil der ta ei totalvurdering på kva for prosjekt som bør prioriterast både når det gjeld tunnellsikring,	INV  Det er utabeidd eit eige kunnskapsgrunnlag for tunnelrehabilitering i samband med utarbeidning av RTP. Dette kunnskapsgrunnlaget vart lagt fram som ei referatsak i SAMO 27.4.21, RS 51/21. Prioritering av nye tunnelrehabiliteringsprosjekti i 2022 kjem fram i investeringsprogrammet i budsjettet.	16.11.21	30.11.21	15.12.21

Nr	Verbalforslag	Oppfølging			
		Merknad	Politisk sak		
			Hovudutval	Fylkesutval	Fylkesting
	rassikring, vegvedlikehald, ferjeavløysing og andre prosjekt på fylkesvegnettet. Fylkestinget ber difor om at prioritering av tunnelsikringsprosjekt vert ein del av denne planen, og at ein justerer framdrifta på dette arbeidet etter kva ein kan forvente av løyvingsnivå.				
9	Fylkestinget syner til Stortinget sitt bompengeførlik og byvekstavtala der Vestland fylke har forplikta seg til å redusere takstane på periodekortet på buss og bybane tilsvarende dei statlege løyvingane. Dette vert gjort. Samstundes har Vestland fylke høve til å legg å justere kollektivprisar i tråd med pris og kostnadsvekst. Samarbeidspartia er einig om at ein for 2021 ikkje skal auke prisen på einskildbilletten. Ein ber om at iverksetting av prisreduksjonen vert gjennomført så fort som mogleg.	MOK  Er iverksett			
10	Fylkestinget syner til at ein har hatt ulike ordningar for ungdomskort i dei gamle fylka. Fylkestinget innfører sams ungdomskort i heile Vestland med Hordaland si aldersgrense (inntil fylte 21 år) og pris med verknad frå same tidspunkt som andre taksendringar trer i kraft.	MOK  Er iverksett Felles ungdomsbillett innført 15. Januar saman med årleg prisjustering			
11	Fylkestinget syner til debatten kring innfartsparkering i og rundt Bergen. Fylkestinget legg ikkje opp til at dette vert innført i 2021, men ber om at ein kjem attende med ei sak til SAMO og FU om trafikale og økonomiske verknader for tiltaket. Fylkestinget ber og om at ein går i dialog med aktuelle kommunar om saka.	MOK  Utkast til ny strategi har vore handsama og avvist to gonger i styringsgruppa i Miljøloftet. Ny strategi er under framleis arbeid.	SAMO Våren 2022	FUV Vår 2022	
12	Fylkestinget syner til at dagens overgangsordning på TT arbeidskøyring (tilrettelagt transport) blir vidareført i budsjett 2021 for både noverande og nye brukarar i dei kommunane som tidlegare har fått dekka dette av fylkeskommunen. TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiene deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Vestland vil halda fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen i dag dekker dette tilboden. Inntil ein avtale med desse kommunane er på plass vil fylkeskommunen dekka kostnadane ved tiltaket og føreset at dette vert løyst innanfor ramma til kollektiveininga.	MOK  Ref pt 11 i Fylkestinget sine punkt  Det er dialog med kommunane. Kan verte løysing med overtaking i 2022.			
13	Fylkestinget syner til at fylkesrådmann i sitt framlegg har lagt opp til å auke kostnaden med billettkontroll med 6 mill. kr. Fylkestinget avisir denne auken.	MOK Utført			

Nr	Verbalforslag	Oppfølging			
		Merknad	Politisk sak		
			Hovudutval	Fylkesutval	Fylkesting
14	Fylkestinget føreset at det snarast blir lagt fram ei sak om oppstart av KS2 for Atløysambandet, og om ein finansieringsmodell for rask gjennomføring av prosjektet med ferjeavløysingsmidlar, jmf nye statlege retningslinjer for forbeting av ferjeavløysingsordninga. Fylkestinget syner til at det er sett av 1 mill. til KS2.	INV  Adm. utarbeider grunnlag for KS2 med oppdatering av kostnadsoverslag og utarbeidning av styringsdokument. Er i dialog med finansdept om grunnlagsdokumenta og avrop på avtale med KS2-konsulent  Det vert oppstart av KS2 i desember 2021. Det vert ikkje lagt fram sak om oppstart av KS2, men det vert lagt fram sak til fylkestinget om Atløysambandet når KS2-gjennomgangen er ferdig.	vår 2021		1.halvår 2022
15	Fylkestinget ber om at ein i fastsetting av leiarløner gjennomfører ei moderat og rimeleg linje og at ein ikkje er lønsleiane, samt at ein ser til det totale lønnsnivå i organisasjonen.	ORO/alle  Lagt til grunn i lønsoppgjøret for 2020 og i 2021			
16	Fylkestinget syner til transporttilbodet «servicelinjen i Bergen», og føreset at dette tilbodet vert vidareført innanfor ramma til kollektiveininga inntil eit anna tilbod er på plass jamfør tidlegare avtalar om dette mellom fylkeskommunen og Bergen kommune.	MOK  Prosess med å anskaffe kontrakt for vidareført tilbod servicelinjene er gjennomført.  Sak om Pilot aldersvennleg transport i Bergen vart handsama i SAMO 23. mars	SAMO 23. mars		
<b>Vedtak på fylkestinget, 15.desember 2020</b>					
1	Offentleg sektor på ulik nivå har gode erfaringar med å drifta vikarteneste i eigenregi. Det kan ha gode effektar for fylkeskommunen, både med omsyn til kvalitet og kostnader. I tillegg bidreg det til meir tryggleik og forutsigbarheit for den enkelte arbeidstakaren. Fylkestinget ber om ei sak om fylkeskommunal vikarteneste innan opplæring og eigedom. Fylkestinget legg til grunn at dette er mest aktuelt i Bergensområdet, men ber om at ein også ser på moglegheiter i andre delar av fylket.	ORO/OPK  Sak vikarpool reinhald  Sak om vikarpool innan opplæring kjem ila 1. kvartal 2022.	Adm utval 21.10.21	09.11.2021	15.12.2021
2	Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei sak om innføring av kulturtolk/kulturrabatt for ungdom i Vestland. Målsettinga er at flest mogleg unge skal ha moglekeit til å delta i alle former for kulturaktivitetar.	KII	25.05.21	01.06.21	16.06.21
3	Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei sak om utbygging av kollektivterminal og turistcenter i Omn 3 i Odda.	KII/MOK  Sak om tildeling av midlar sak om rekneskapsgodkjenning i FT juni 21	SAMO 8. september	FUV 30.november	
4	Fylkestinget syner til Kollektivprisen 2020 som vart vunnen av Rogaland fylkeskommune og mobilitetsselskapet Kolumbus for	MOK  RTP vil svara ut dei overordna føringane innan mobilitets-området	SAMO 16. November	FUV 30. november	15. desember

Nr	Verbalforslag	Oppfølging			
		Merknad	Politisk sak		
			Hovudutval	Fylkesutval	Fylkesting
	<p>deira heilskaplege tilnærming til mobilitet.</p> <p>Vestland fylkeskommune må i sitt vidare arbeid ta sikte på integrerte løysingar og produkt som omfattar alle former for mobilitet. Fylkestinget ber om at det i første kvartal 2021 vert lagt fram ei sak om korleis bisyklar kan inkluderast i reiseprodukta til Skyss/Vestland fylkeskommune.</p>	<p>Fullført: I 2020 vart bisyklar i Bergen inkludert i Skyss sin reiseplanleggjar. RS -sak om betaling for bisyklar som ein integrert del av Skyss sine betalingsløysingar vart det gjort greie for i RS-sk 23/2021 i SAMO</p>	SAMO 23. mars		
5	Fylkesrådmannen vert bedt om å legg fram ein sak vedkomande strekningar der ein i dag kører kommersielle ruter og ruter fylkeskommunal regi parallelt. Fylkestinget ber om framlegg på om dette kan løysast på andre måtar.	MOK Arbeid under planlegging			
6	Fylkestinget meiner aluminium kan vere eit spennande materiale å ta i bruk ved bygging av bruer. Aluminium har mellom anna eit lågare vedlikehaldsbehov enn dei material som blir brukt til å bygge bruer. Vestland har eit næringsliv med god kompetanse på både bygging av store konstruksjonar og bruk av aluminium. Fylkestinget ønskjer at det vert lagt til rette for pilotprosjekt for bruk av aluminiumsbru.	INV  Det vart lagt fram ei referatsak om dette i SAMO, RS 81/21 den 8.9.21. I notatet vart det vist til at det i høyningsutkastet til RTP vert foreslått å starte med eit forprosjekt med bruk av aluminium. Dette er i framlegg til RTP/handlingsprogram lagt inn som utviklingstiltak 1.10	Haust 2021		Haust 2021
7	Fylkestinget vil i samband med gjennomgang av verkemiddelapparatet og tilskotsordningar for næringsutvikling be administrasjonen vurdere utflytting av fylkeskommunale arbeidsplassar til områder/kommunar som har lite av statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar.	INN  Avdeling for innovasjon og næringsutvikling har i dag tilsette på 10 ulike stadar i fylket, tett på lokale næringsmiljø. Ytterlegare lokalisering vil bli vurdert ved vakansar. Nye lokaliseringar medfører nye drift- og leigekostnadar.			
8	Fylkestinget meiner fiskeri og havbruk er mellom framtidsnæringane i Vestland. Fylkestinget vil bidra til auka matproduksjon, fleire arbeidsplassar og grøn vekst langs kysten. Fylkestinget imøteser handsaming av marin tiltaksplan som del av Utviklingsplanen for Vestland, og vil kome attende til oppfølging av planen.	INN  Avdeling for innovasjon og næringsutvikling har utforma ei forsterke marin satsing - berekraftig sjømat. Dette er ei omfemnande satsing som femnar om problemstillingar innan m.a. lus, rømming, berekraftig for, bruk av avfallsressursar, arealproblemstillingar og kompetanse og rekrytering. Denne forsterka marine satsinga er behandla som sak i næringsutval og fylkesutval, og vedtaket seier at det skal arbeidast vidare med finansieringa av denne innsatsen - og syner til at midlar frå havbruksfondet kan vere ei naturleg finansieringskjelde. Fylkeskommunen har elles sokt nærings- og fiskeridepartementet om delfinansiering. Den marine tiltaksplanen for 2021 vart	April 2021		

Nr	Verbalforslag	Oppfølging			
		Merknad	Politisk sak		
			Hovudutval	Fylkesutval	Fylkesting
		behandla av hovudutval for næring i februar. Denne syner innsats innan det løpende marine arbeidet i 2021.			
9	Fylkestinget meiner det er viktig at Vestland fylkeskommune skal bidra i kampen for eit seriøst og anständig arbeidsliv, samt sikre at fleire yrkesfagselever får lærepllass. I sak fylkesutvalssak 290/18 (Hordaland) ser ein på Oslo-modellen og dei elleve hovudpunkt for eit seriøst arbeidsliv som modellen omhandler og korleis dette er innarbeidd i Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget i Vestland vil bygge vidare på det som Hordaland fylkeskommune gjorde og innføre Oslo-modellen for heile Vestland fylkeskommune og ber om at det vert lagt fram ei sak om dette i første halvår 2021. Saka bør leggast fram for utvala og verte vedteken av fylkestinget	ORO/INV/MOK  Sak lagt fram i SAMO 25.5.21 vart utsett. Sak lagt fram i fuv 21.09.21 vart og utsett. Revidert saksgrunnlag vert lagt fram for fuv og ft i nov/des.		30.11.21	15.12.21
10	Fylkestinget ber om at fylkeskommunen sitt klimabudsjett og klimarekneskap skal omfatte heile det geografiske området Vestland.	ORO/SUD  Innarbeidd i årsmelding 2020 og budsjett 2022		20.04.21. (Planprg)	15.12.21
11	Endra verbalpunkt frå FUV: Fylkestinget syner til at dagens overgangsordning på TT arbeidskøyring (tilrettelagt transport) blir vidareført i budsjett 2021 for både neverande og nye brukarar i dei kommunane som tidlegare har fått dekka dette av fylkeskommunen. TT-ordninga er svært viktig for mange funksjonshemma som ikkje har høve til å nyta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiene deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen. Vestland vil halda fram dialogen med dei kommunane der fylkeskommunen i dag dekker dette tilboden. Inntil ein avtale med desse kommunane er på plass vil fylkeskommunen dekka kostnadane ved tiltaket og føreset at dette vert løyst innanfor ramma til kollektiveininga.	MOK  Ref pkt 12 over.  Det er dialog med aktuelle kommunar. Følg opp med møter. Truleg må VLFK drive arbeidskøyringa mist første halvår 2022	SAMO Januar 2022	FUV Januar 2022	

#### Ad. Verbalpunkt 10)

Det er eit mål at vi på sikt skal få eit klimabudsjett som handlar om heile Vestlandssamfunnet. Arbeidet med å utvikle eit slikt klimabudsjett vil ha høg prioritet og må sjåast i samanheng med pågående arbeid med regional klimaplan for Vestland.

Vestland fylkeskommune arbeider med å bygge opp og vidareutvikle partnarskap og samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruk, frivillige organisasjonar og andre delar av Vestlands-samfunnet for å nå klimamåla. Arbeidet med ny regional klimaplan vil vere ein arena som kan bidra positivt til dette, og som del av arbeidet kan vi også få fram eit *klimabudsjett for det geografiske området Vestland fylke*.

Ein treng eit kunnskapsgrunnlag med referansebane for utvikling av klimagassutslepp i regionen. Då kan ein lage prognosar for utviklinga i klimagassutslepp. Ulike scenarier vil vise effekt av tiltak som aktørar i regionen må gjere for å nå måla som er sett i Utviklingsplan for Vestland. Eit slikt kunnskapsgrunnlag vil vere eit aktuelt utgreiingsbehov for utarbeiding av klimaplanen.

Planprogrammet for regional klimaplan vert lagt fram for fylkesutvalet 20. april. Ferdigstilling av sjølve klimaplanen er sett til hausten 2022 i framdriftsplanen.

#### Budsjett 2020 – status oppfølging enkelte vedtekne verbalforslag på samferdselsområdet.

Nr	Verbalforslag	Ansvarleg	Status
23	Austevoll: ber om ei sak som drøftar korleis prisane på hurtigbåtsambanda i Vestland kan harmoniserast.	MOK	Ref sak til fylkesutvalet, PS 3/20 om integrasjon av kollektivområdet i VLFK. Av saka gjekk fylgjande fram: Innføring av ein felles pris- og sonestruktur i heile det nye fylket vil vere ressurskrevjande. Arbeidet med felles takst- og sonestruktur blir lagt opp i ulike tidsløp for buss/bybane og båt. For buss/bybane er forventa oppstart av dette arbeidet andre kvartal 2020. Oppstart knytt til harmonisering av prisar for båt forventast å starte etter at harmonisering buss/bybane er vedtatt. Forventa oppstart vår 2022.
24	Fylkestinget føreset at midlane frå bompengeforskning og den framforhandla byvekstavtalet skal gje ei monaleg reduksjon i prisane på kollektivtrafikken i Bergen, og at vi får ei frekvens på Bybanen på 4 minutt i rush. Vidare føreset fylkestinget at Bybanen får fleire avgangar som er tilpassa dei første og siste flygingane til og frå Flesland, og fleire bussavgangar i Bergensområdet: Fylkesrådmannen vert bedt om å legge fram ei sak når avtalen er klare.	MOK	Periodebilletten redusert i tråd med vedtaket i fylkestinget den 3. mars PS 10/2020 samstundes med årleg endring billettprisar i starten av 2021.  Sak om bruk av belønningsmidlar til fleire bussavgangar i Bergen 2021: SAMO og FUV september 2020.  Arbeid med styrking av Bybanen er ikkje iverksett Ein vil framover vurdere korleis kollektivtilbodet generelt eventuelt vil måtte justerast knytt til nye reisevanar og endra inntekter.
25	Jondal-Tørvikbygd. Fylkestinget ber om ei sak som utgreier kostnader m.v. knytt til ekstra avgangar sommarstid. Eventuell finansiering vert å kome attende til i samband med 1. tertialrapport.	MOK	Sak i FUV 30.1.20 konkluderte med at ein skulle evaluere etter sommaren 2020.  Vedtak i FUV okt 2020: «"Fylkesutvalet tek evalueringa av sommarsesongen 2020 på ferjesambandet Jondal - Tørvikbygd til orientering. Sommarsesongen 2020 gir ikkje grunnlag for å vurdere behov for eit styrka sommartilbod i åra som kjem."»
28	Fleirtalspartia vil oppretthalde servicelinja i Bergen, og har lagt inn igjen 1,2 mill til å vidareføre denne i 2020. Fleirtalspartia er likevel samde om at potensialet for servicelinja ikkje fullt ut er nyttig og vil at ein i 2020 inviterer Bergen kommune til ein idedugnad/workshop med mål om å komme fram til eit betre tilbod for dei som i dag nytta servicelinja. Ein kan sjå for seg at servicelinja i Bergen sentrum vert vidareført som eit breiare tilbod retta mot fleire reisande. Det er i dag eit relativt dårlig bussstilbod i sentrumskjernen i Bergen, spesielt i område Nordnes og Høyden. Eit forslag er å gjere servicelinja om til ein ringbuss slik at ein kan nå fleire ordinære busspassasjerar og slik få fleire reisande. Ein slik ringbuss kan også sjå til konseptet «travel like the locals», der ein med det ordinære offentlege busstilbodet rettar seg mot turistar. Dagens servicelinje i Bergen	MOK	Det vart lagt fram sak om utprøving av kollektivtilbod for eldre i fylkesutvalet i mai, PS 102/2020. FUV vedtok at ein i samarbeid med Bergen kommune skulle ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt som har til formål å iverksette utprøving av eit fleksibelt kollektivtilbod for eldre. Arbeid med å beskrive eit alternativt tilbod for eldre i Bergen er under oppstart i samarbeid med Bergen kommune. Arbeidet har vore forseinka grunna ressursituasjon i Skyss, men arbeidet er no i gang igjen og pilot for fleksibel transport er venta å starta våren 2022. Saman med Bergen kommune er området Tertnes i Åsane identifisert som pilotområde..  Fylkesutvalet peika vidare på at det er behov for å erstatte dagens servicelinje i sentrum med eit betre tilbod til eldre og andre som ikkje har høve til å sykle og gå innanfor sentrumskjernen.  Servicelinjene i Bergen blir i tråd med budsjett for 2021 oppretthaldne som dei er.

Nr	Verbalforslag	Ansvarleg	Status
	sentrum går i dag forbi ei rekke sentrale og attraktive turistmål. «Travel like the locals» har vist seg å vere ein suksess i det nye berekraftige reiselivet, og det å tilby det offentlege bussstilbodet til turistar i Bergen kan vere ein vinn-vinn situasjon. Ein opprettheld servicelinja, ein får fleire reisande, fleire inntekter og betre bussstilbod i sentrumskjerna. For servicelinja i bydelane i Bergen bør ein sjå til konseptet «Hent meg» som kjem frå Sauda, og som vert prøvd ut i Odda.		
29	TT-brukarar, arbeidsreiser. Forskrift for TT-ordninga for Vestland fylke blir samordna / endra slik at arbeidsreiser ikkje vert utelukka. Jfr. informasjon om TT-ordninga på helsenorge.no og sfj.no sine sider: TT-ordninga er i utgangspunktet eit tilbod om fritidsreiser, men kan nyttast til alle typer reiser med unntak av: 1) reiser som blir betalt av trygdekontor. Eigendel ved slike reiser skal transportbrukar betale sjølv på lik line med andre som reiser for trygda si rekning 2) reiser til og frå skule 3) andre reiser betalt av det offentlege Det vert gjort ein gjennomgang av bruken av TT-kort for arbeidsreiser, der dei som er heilt avhengige av ordninga for å kome på arbeid, får halde fram med å bruke ho. Kostnaden blir dekka innanfor det statlege tilskotet til ordninga.	MOK	Ref sak 146/20 i fylkesutvalet. Administrasjonen er i dialog med kommunane om vidareføring av tilbodet i samsvar med vedtaket.
30	Det skal utgreiaast moglegheiter og innsparingspotensiale i å innføre bestillingsruter for ruter med lite belegg.	MOK	Skyss har gjort ei utgreiing av potensialet for dynamiske bestillingsruter i Nordfjordområdet, men der resultata kan vere overførbare til andre område i fylket. Resultata frå utgreiinga viser at løysingane som er sett på vil gje meirkostnad heller enn innsparing - men at ein kan oppnå betre og meir tilpassa tilbod til dei reisande. Det blir arbeidd vidare med problemstillinga i som tiltak i handlingsprogram for RTP 2022-2033
32	Tryggleik for at kollektivreisa heng saman med gode korrespondansar, er svært viktig for at ein skal velje å reise kollektivt. Særlig over lengre avstandar. Fylkestinget ber derfor om ein gjennomgang på - kvar det er korrespondanse - kvar det med enkle midlar er mogeleg å få til korrespondanse Skyss/Kringom må snarast sikre at alle korrespondansar blir merkte på dei kanalane der dei reisande planlegg reiserute og kjøper billettar.	MOK	Skyss har samanhengande linjenett med korrespondanse mellom transportformer som eit grunnleggande planleggingsprinsipp. Det blir arbeidd kontinuerleg for å justere og forbetre tilboden, mellom anna i dialog med kommunane. I denne dialogen kjem konkrete saker knytt til korrespondanse ofte opp. Det vil bli orientert årleg til SAMO om arbeidet med ruteendring og dialog med kommunane.
36	Ved utvikling av kollektivsatsinga skal det takast høgde for å innlemme bisykkelordninga i reiseprodukta til Vestland fylkeskommune.	MOK	Bisyklar er integrert i Skyss Reise App. Kva som må til for å få bisyklar som ein integrert del av betalingsløysinga er det gjort greie for i sak RS 34/2021 i SAMO 23.03.21. Arbeidet med å integrera bisyklar i Skyss sin kjøpsløysingar er forseinka grunna forseinkning i arbeidet med nye kjøps og betalingsløsninger for Hordaland. I høgde. «Strategi for berekraftig mobilitet» som del av komande RTP vil Skyss saman med kommunane og leverandørane i marknaden utarbeida prinsipp og prosessar for integrasjon av mikromobilitet som sykkel og sparsesykkel i Skyss sine billettar.

Nr	Verbalforslag	Ansvarleg	Status